



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Norrdal kommune
Postboks 144
6211 VALLDAL

Dykkar ref.
17/204/FE-
033/BEOS/70258820

Vår ref.
17/3057

Dato
24.05.2017

Klage frå Norrdal kommune over Politidirektoratet si avgjersle av 13. januar 2017 om endringar i den lokale strukturen i Møre og Romsdal politidistrikt

Justis- og beredskapsdepartementet viser til brev av 10. og 17. mars 2017 om klage frå Norrdal kommune. Vidare vert det vist til Politidirektoratet si avgjerd av 13. januar 2017 om endringar i den lokale strukturen i politidistriktet når det gjeld Norrdal kommune:

«Sammenslåing av lensmannsdistriktene Haram og Ørskog, del av Sund lensmannsdistrikt (del som dekker Sandøy kommune), og del av Stranda og Norrdal lensmannsdistrikt (del som dekker Norrdal kommune), til Nordre Sunnmøre lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet vil ha følgende tjenestested og administrasjonssted: Haram lensmannskontor».

Politidirektoratet har i brev av 23. mars 2017 sendt klagen frå Norrdal kommune til Justis- og beredskapsdepartementet. Kopi er sendt til Norrdal kommune og Møre og Romsdal politidistrikt.

1. Bakgrunn

Nærpolitireformen, Prop. 61 LS (2014-2015), vart godkjent i statsråd 6. mars 2015 og sendt til Stortinget for behandling. Proposisjonen vart vedteken med nokre endringar 10. juni 2015, jf. Innst. 306 S (2014-2015) og Innst. 307 L (2014-2015). Det overordna målet med nærpolitireformen er mellom anna i Innst. 306 S (2014-2015) uttrykt slik:

Postadresse Kontoradresse Telefon - sentralbord Politiavdelinga
Postboks 8005 Dep Gullhaug Torg 4A 22 24 90 90
0030 Oslo 0484 Oslo Org.nr.: 972 417 831
0030 Oslo

Sakshandsamar
Jan Inge Helgheim
22 24 55 91
jan-inge.helgheim@jd.dep.no

«Målet med reformen er et nærpoliti som er operativt, synlig og tilgjengelig, og som har kapasitet og kompetanse til å forebygge, etterforske og påtale kriminelle handlinger og sikre innbyggernes trygghet. Det skal utvikles et kompetent og effektivt lokalt nærpoliti der befolkningen bor. Samtidig skal det utvikles robuste fagmiljøer som er rustet til å møte dagens og morgendagens kriminalitetsutfordringer».

Justis- og beredskapsdepartementet har i samsvar med dette gjeve Politidirektoratet fullmakt til å avgjere politidistrikta si inndeling i lensmanns- og politistasjonsdistrikt, og samanslåing eller nedlegging av lensmannskontor og politistasjoner.

Som ein del av nærpolitireformen har politimeistrane greidd ut og kome med forslag om endringar i den lokale strukturen i politidistrikta. Siktemålet har vore å frigjere tid og ressursar slik at politiet kan vera meir tilgjengeleg og til stades i nærmiljøa. Den lokale strukturen i politidistrikta skal legge til rette for eit nærpoliti som er operativt og synleg, og med kapasitet til å førebygge, etterforske og påtale kriminelle handlingar. Forslaga frå politimeistrane er mellom anna basert på føregåande involvering av kommunar og politiets tenestemannsorganisasjonar lokalt.

Tilrådingane frå politimeistrane vart sendt til Politidirektoratet 15. desember 2016. Politidirektoratet vedtok ny lokal organisering av norsk politi 13. januar 2017.

Avgjersler frå Politidirektoratet om endringar i inndelinga i lensmanns- og politistasjonsdistrikt og samanslåing eller nedlegging av lensmannskontor eller politistasjoner kan påklagast til Justis- og beredskapsdepartementet av kommunar som vert påverka av endringa, jf. *forskrift om klageordning for kommuner som berøres av ny tjenestestedstruktur i politi- og lensmannsetaten* § 1.

2. Merknader frå kommunen

Norddal kommune har i brev at 17. mars 2017 mellom anna gjeve uttrykk for følgjande:

«Norddal kommune innser det er behov for å reformere etaten i tråd med nye utfordringsbilde. Kommunen vil samtidig gi ros til politiet for at kommunane har blitt involvert i reformarbeidet med utvikle ein tenleg og framtidretta struktur for etaten».

Vidare er det ført opp at kommunen i all hovudsak stiller seg positiv til *«forslaget til endringar som er fremma av Politidirektoratet. Ein er spesielt tilfreds med at forslaget til nye grenser mellom lensmannsdistrikt har valgt å ta omsyn til at fjordkryssingar er ei sperre for effektiv leveranse av både sivile- og politifaglege tenester. For Norddal sin del betyr dette konkret at kommunen vert skilt frå Stranda og slått saman med kommunar på nordsida av Storfjorden som grensar til kvarandre utan å måtte krysse fjordar».*

Norddal kommune er likevel kritisk til avgjersla om å plassera administrasjonsstaden for det nye Nordre Sunnmøre lensmannsdistrikt i Brattvåg. Brattvåg er

kommunesenteret i Haram kommune. Norddal kommune har grunngeve klagen med at Haram vert ein omveg for innbyggjarane i indre del av Nordre Sunnmøre lensmannsdistrikt. Befolkninga sin tilgjengelegheit til lensmannskontoret vert for dårleg. Det vil opplevast som om ein fjernar politiet frå folket. Norddal kommune ønskjer difor at Sjøholt i Ørskog kommune får behalda lensmannskontoret der.

Norddal kommune har i tillegg gjort gjeldande at for om lag halvparten av innbyggjarane i Norddal vil køyretida frå til Brattvåg bli om lag 90 minuttar inkludert kryssing av fjorden. I nokre tilfelle kan køyretida bli lenger.

3. Merknader får nærliggande kommunar

Norddal kommune har til liks med Ørskog kommune klaga på at tenestestaden i nye Nordre Sunnmøre lensmannsdistrikt er lagt til Haram kommune. Klagen frå Norddal kommune har ikkje vore lagt fram for nærliggande kommunar. Politidirektoratet har opplyst at ein kommune i Møre og Romsdal politidistrikt har kome med synspunkt på klagen frå Ørskog kommune. Dette er Stordal kommune. Merknaden frå Stordal kommune vert attgjeve nedanfor.

Stordal kommune har mellom anna framhaldt:

«Stordal kommunestyre er kjent med at Ørskog kommunestyre har klaga på dette vedtaket. I klagen vert det m.a. vist til at eit lensmannskontor lagt til Brattvåg i Haram vil medføre unødig lang reisetid for folk i indre deler av distriktet. Dette vart trekt fram i Stordal kommune si høyringsfråsegn til politimeisteren si tilråding. Foreslått lokalisering vil vere ein utkant for store delar av lensmannsdistriktet. Ein ser at folketalsmessig tyngde har vore tillagt vekt i politimeisteren si vurdering. Det er imidlertid slik at folketallet spesielt i indre del av distriktet varierer mykje avhengig av årstid. Både Norddal og Stordal er turistkommunar med stor gjennomgangstrafikk og mange som bur i hytter og campingvogner. Til dømes er det registrert ca. 1500 hytter og andre fritidsbustader berre i Norddal kommune. Gjennomsnittsberekingar syner at i perioden juni-august, kan det opphalde seg ca. 10 000 menneske samstundes i området som i dag er Norddal kommune. Tek ein med Geiranger, Liabygda og Stordal i tillegg, vil talet bli endå større. Mange av desse korttidsbebuarane vil frå tid til annan kunne ha behov for same type politifaglege tenester som dei fastbuande etterspør. Stordal kommune meiner at ovannemnde omsyn også må vektleggast ved lokalisering av lensmannskontoret.

Ei lokalisering av lensmannskontoret på Sjøholt, vil etter det Stordal kommune kan vurdere, ha ei langt betre plassering. Vi vil derfor gi vår støtte til Ørskog kommune si klage på vedtaket om å legge kontoret for Nordre Sunnmøre lensmannsdistrikt til Brattvåg i Haram».

4. Politidirektoratet si vurdering

Politidirektoratet har i brev til Justis- og beredskapsdepartementet av 23. mars 2017 gjort greie for grunnlaget for si vurdering. Direktoratet har ikkje funne grunnlag for å gjera om si tidlegare avgjersle når det gjeld Norddal kommune.

Politidirektoratet har vist til at avgjersla av 13. januar 2017 om å slå saman lensmannsdistrikta Haram og Ørskog, del av Sund lensmannsdistrikt (del som dekker Sandøy kommune), og del av Stranda og Norddal lensmannsdistrikt (del som dekker Norddal kommune), til Nordre Sunnmøre lensmannsdistrikt, med tenestestad Haram lensmannskontor, var basert på ei tilråding frå politimeisteren i Møre og Romsdal politidistrikt. Politimeisteren si tilråding er basert på politifaglege vurderingar og ein lokal prosess med involvering av kommunar og tenestemannsorganisasjonar.

Det er vidare vist til at direktoratet har vurdert innspela og synspunkta som har kome fram både i klagen frå Norddal kommune og i brev frå politimeisteren av 14. mars 2017 med synspunkt på kommunen sin klage. Politimeisteren har gjort greie for korleis tenestene til politiet skal takast hand om i Norddal kommune ved samanslåing av lensmannskontoret. Politidirektoratet har lagt til grunn at politimeisteren har gjort gode politifaglege vurderingar i tråd med målsetjingane i nærpolitireformen.

Politidirektoratet har etter dette konkludert med at det ikkje ligg føre nye opplysningar som gjev grunnlag for å gå bort frå vurderingane som ligg til grunn for tilrådinga frå politimeisteren i Møre og Romsdal politidistrikt om endringar i den lokale strukturen i Møre og Romsdal politidistrikt når det gjeld Norddal kommune.

5. Justis- og beredskapsdepartementet si vurdering og avgjersle

Klagen er fremma i tråd med *Forskrift om klageordning for kommuner som berøres av ny tenestestedsstruktur i politi- og lensmannsetaten* av 22. juni 2016. Det går fram av forskrifta § 1 at kommunar som vert påverka av ny tenestestedstruktur kan påklaga denne til Justis- og beredskapsdepartementet.

Det framgår vidare av forskrifta at Justis- og beredskapsdepartementet kan treffa ny avgjersle eller oppheva direktoratet si avgjersle heilt eller delvis og sende saka tilbake til direktoratet for ny behandling, jf. forskrifta § 6 første ledd.

Elles gjeld forvaltningslova kapittel II og III og alminnelege reglar om god forvaltningsskikk for departementet si klagebehandling, jf. forskrifta § 7.

Politidirektoratet har i sitt brev til departementet gjort greie for den føregåande prosessen i Møre og Romsdal politidistrikt. Her kjem det mellom anna fram at politimeisteren i Møre og Romsdal har hatt ein omfattande lokal prosess med involvering av kommunane, i tillegg til tenestemannsorganisasjonane.

Klagen frå Norddal avgrensar seg til plasseringa av lensmannskontoret i nye Nordre Sunnmøre lensmannsdistrikt. Norddal kommune ønskjer at tenestestaden vert lagt til Sjøholt i Ørskog kommune.

Politimeisteren har mellom anna opplyst at Haram kommune er den klart største kommunen i det nye lensmannsdistriktet med meir enn 9000 innbyggjarar. I tillegg har Sandøy kommune meir enn 1000 innbyggjarar. Sandøy er ei øy vest for Haram. Det er vidare opplyst at det er like langt frå ytre delar av Haram og Sandøy kommune til Ørskog som det er frå indre delar av distriktet til Brattvåg. Politimeisteren har også peika på at dersom kontoret vert lagt til Ørskog vil det vera fleire innbyggjarar som får lang reiseveg enn om kontoret vert lagt til Brattvåg.

Norddal kommune har mellom anna ført opp at Ørskog ligg meir tilgjengeleg til for innbyggjarane i Norddal og Stordal kommunar. Det vil vera ein vesentleg omveg for befolkninga i indre delar av lensmannsdistriktet å måtte ta seg frem til Haram for å få polititjenester. Politimeisteren har opplyst at han vil kompensera for dette ved å etablere eit tenestetilbod i Norddal delar av veka. Politimeisteren har dessutan sagt at han allereie har gjeve Norddal kommune eit løfte «*om å etablere et tjenestetilbud i kommunen en dag per uke*». Etter politimeisteren si vurdering vil dette imøtekoma behovet til innbyggjarane i Norddal og Stordal kommunar. På generelt grunnlag vil departementet også vise til at utviklinga av politiarbeid på staden vil kunne kompensera for fråværet av ein tenestestad. Politiarbeid på staden inneber at politipatruljene i større grad enn i dag vil kunne gjennomføra etterforsking og gjera ferdig saka på staden.

Tyngdepunktet i regionen når det gjeld folkesetnad ligg i Haram. I tillegg må ein ta omsyn til folk på øyane i Haram kommune (Lepsøy, Haramsøy, Flemsøy/Skuløy og Fjørtoft), medrekna øy-kommunen Sandøy. Det vil kunne vera ei tilsvarande ulempe for innbyggjarane på desse øyane å måtte reisa til Ørskog for å få polititjenester. Lensmannskontoret vil vera lettast tilgjengeleg for flest innbyggjarar dersom det ligg i Haram. Departementet meiner til liks med Politidirektoratet at politimeisteren har gjort gode politifaglege vurderingar i tråd med målsetjingane i nærpolitireformen. Politimeisteren har gjeve ei tydeleg framstilling av dei polititjenestene og politinærværet som Nordre Sunnmøre lensmannsdistrikt skal stå for.

Når det gjeld vakt og beredskap har politimeisteren peika på at Nordre Sunnmøre lensmannsdistrikt også i framtida vil ha operativ teneste med utgangspunkt i Ålesund politistasjon. Denne styrken vil ta hand om alle utrykningar. Stadplassering vil difor ikkje ha betydning for responstid. Vidare er det opplyst om at polititjenesta vil styrkast i sommarmånadane når det er turistsesong i Valldal og Geiranger. Til liks med Politidirektoratet kan departementet slutta seg til politimeisteren sine vurderingar om at vakt og beredskap vil verte teke hand om også i indre delar av lensmannsdistriktet.

Departementet vil peika på at politikontakten i den nye politistrukturen vil få ei sentral rolle i samspelet mellom driftseininga, tenestestaden og kommunen. Politikontakten

skal vera etablert i alle kommunar innan 15. juni 2017. Departementet meiner at politikontakten på ein god måte vil bidra til at politiet jobbar tettare og meir strukturert saman med den einskilde kommune og under dette opparbeider seg god lokalkunnskap om kommunen.

Etter ein samla gjennomgang og vurdering av dei opplysningane som er lagt fram i saka finn ikkje departementet grunnlag for å gjera om på Politidirektoratet si avgjersle om ny tenestestadstruktur for Norddal kommune i Møre og Romsdal politidistrikt. Politidirektoratet si avgjersle av 13. januar 2017 vert oppretthaldt.

Klagen vert ikkje teken til følgje.

Justis- og beredskapsdepartementets si avgjersle kan ikkje påklagast, jf. *Forskrift om klageordning for kommuner som berøres av ny tenestestedsstruktur i politi- og lensmannsetaten* § 6 andre ledd.

Ein kopi av dette brevet er sendt Politidirektoratet til orientering.

Med venleg helsing

Thor Arne Aass
ekspedisjonssjef

Sven Olav Gunnerud
avdelingsdirektør

Kopi: Politidirektoratet

Dokumentet er godkjent og blir sendt utan signatur